


November 2017



«Samhandling på høgaste nivå»

Fredag 24. november er det tid for [dialogmøte](#) mellom styret i Helse Førde HF og politisk leiing i kommunane/fylkeskommunen. Møtet er ein del av dei formelle samhandlingsstrukturane, og skal vere ein arena for drøfting av strategisk utvikling av helsetenestene og samhandlinga.



På [programmet](#) denne novemberdagen står fleire viktige saker. Gjennom utviklingsarbeidet knytt til [Pasientens helseteneste](#) har Helse Førde HF starta og/eller planlagt ei rekke tenesteutviklingsprosjekt. I lys av dette vil både prosjektet og planar for [Nye Førde sjukehus](#) bli presenterte. Helseføretaket ønskjer å få tilbakemeldingar i høve til kommunane si deltaking og vidare medverknad i arbeidet.

I møtet vil og leiar i [fylkesstyret](#) i KS Sogn og Fjordane, Harald Norvald Offerdal, orientere om «status og vegen vidare» i høve til ei mogleg etablering av eiga avdeling for [Statens barnehus](#) i Sogn og Fjordane.

Styret i Helse Førde HF har avgjort å setje i gang arbeid med ein [plan for det prehospital](#) [området](#). Det overordna målet er å sikre innbyggjarane gode tenester og vere ein døropnar for godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda. Prehospitalt område omfattar [ambulansetenesta](#) og [akuttmedisinsk kommunikasjonssentral \(AMK\)](#). I dialogmøtet vil ein skissere fasane i prosjektet, og drøfte felles utfordringar i fylket.

I møtet vil det bli gitt rom for både for meiningsbryting og refleksjon.


Ergoterapeut på tvers av forvaltningsnivå

Helse Førde HF og Lærdal kommune har starta eit spennande fagleg prosjekt der dei samarbeider om ei ergoterapeutstilling. 1. oktober starta Kristin Munkejord i stillinga. 60 prosent av stillinga er knytt til [Lærdal kommune](#), og 40 prosent til [Lærdal Sjukehus](#).

Ergoterapeuten opplever at ho i den delte stillinga kan følgje opp pasientane som skal utskrivast frå sjukehuset til kommunen på ein heilt ny måte. Ho tar med seg erfaringane frå både sjukehuset og kommunen, og tilfører slik begge arbeidsstadane ny kunnskap. «1 + 1 = 3», seier Munkejord.

Førebels er det laga ein samarbeidsavtale som varer ut 2018. Partane vil ha jamlege møte underveis for å evaluere samarbeidet.

På biletet frå høgre ser vi Eli Schwarz, seksjonsleiar ergoterapi og velferdsteknologi i Helse Førde HF, ergoterapeut Kristin Munkejord og Vivian Kvam, leiar Sogn Lokalmedisinske Senter.



Farmasøyt - Ein nøkkelperson i det tverrprofesjonelle teamet

Ved Nordfjord sjukehus underviser farmasøyt på dei fleste meistrings- og rehabiliteringstilboda. Farmasøyt gjer samstemming av legemiddellister og eventuelt legemiddelgjennomgang hos alle pasientane. Døme på dette kan vere tilboda knytt til hjarterehabilitering og lungesjukdom.

Legemiddelsamstemming vil seie at ein i samarbeid med pasienten lagar ei nøyaktig og fullstendig liste over alle legemiddela pasienten faktisk brukar. Farmasøyten blir slik ein ressurs både for pasientane og som rådgjevar for legen. Gjennom kvalitetssikringa av legemiddellister er ein med å betre informasjonen i overgangen mellom første- og andrelinjetenesta.



Farmasøyten er blitt ein viktig del av det tverrprofesjonelle teamet saman med legar, sjukepleiarar, fysio- og ergoterapeut.

Dei som ønskjer det, er velkomne til å ta kontakt for å få meir informasjon om erfaringane i Nordfjord.

På biletet frå høgre: Kardiolog Tautvydas Vaisvila, farmasøyt Randi Nyhammer-Taklo og lærings- og meistringskoordinator

Hilde Manseth Bjørhovde.

«Eldrevennleg sjukehus - Pasienttryggleik og velferdsteknologi»

Ortopedisk avdeling ved Førde sentralsjukehus har fått såkornmidlar frå Helse Vest RHF og samarbeidsmidlar frå Høgskulen på Vestlandet (HVL) for å prøve ut ny teknologi og nye produkt som kan bidra til fallførebygging hos eldre. Representantar frå ingeniør- og sjukepleiarutdanninga på Høgskulen er sentrale medspelarar i prosjektet.

Ein arbeider ut frå tankar om at samordna bruk av hjelpemiddel og teknologiske løysingar vil kunne trygge pasientane, og bidra til at personalressursane blir brukt der det er mest behov. Avdelinga har derfor utrusta eit pasientrom med ulik ny funksjonalitet. Døme kan vere sensorteknologi, lågtgåande seng (sjå biletet) og tilrettelegging for digitalt tilsyn. Ein flatskjerm viser klokke/dato og tid på døgnet. Skjermen kan også formidle lyd, bilete eller film som kan verke roande i eit, for pasienten, ukjent miljø. Pasientane har også tilgang til dagslyslampe og hørselshjelpemiddel.



Rommet er utforma med kontrastfargar med tydeleg merking av dører, og tilpassa belysning. Prosjektet utgreier òg om ein kan etablere utstyr til «videovisitt» der nærpersongar kan «vere på virtuelt besøk» gjennom bruk av lyd og bilet.

Erfaringane frå prosjektet vil kunne ha overføringsverdi både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Få tilsendt nyhendebrev frå Samhandling Sogn og Fjordane

The screenshot shows the homepage of the Samhandling Sogn og Fjordane website. At the top right are links for 'FRAMSIDA', 'OM SIDA', and 'KONTAKT'. The main header features the text 'Samhandling' above 'Sogn og Fjordane'. Below the header is a photograph of several traditional wooden houses in a row. At the bottom of the page, there is a navigation bar with links: 'SAMHANDLINGSBAROMETERET (STATISTIKK)', 'FOLKEHELSE', 'FAG OG FORSKING', 'STRATEGIDOKUMENT', 'SAMHANDLINGSFORA', and 'SAMHANDLINGSTILTAK'.

Legg inn e – postadresse og navn slik at du blir varsle kvar gong det blir lagt ut ei nyhendesak på [samhandlingssida](#).